



Digital meldingsbok

Info til føresette ved Indre Nesset barne- og ungdomsskule

Vi ønsker å leggje til rette for ein rask og effektiv kommunikasjon mellom heim og skule, og innfører derfor SMS i staden for meldingsboka. Vi trur at foreldre vil oppleve at dei sparer tid med å bruke den digitale meldingsboka, og at ein vil oppleve det enkelt å sende SMS til kontaktlæraren. I tillegg blir alle meldingar arkivert i Visma skule, slik at kommunikasjonen heim-skule er dokumentert. Dette er ei SMS-basert kommunikasjonsløyising som sørgjer for at føresette kan sende melding til sin kontaktlærar på ein sikker måte.

Du vil om kort tid få følgjande SMS fra kontaktlærar: *«Hei, skulen har tatt i bruk ny løyising for sending av SMS, og du blir derfor beden om å sende SMS til dette nummeret når du vil ta kontakt med skulen per SMS. Anbefaler at du lagrar telefonnummeret på telefonen din.»*

Denne meldinga vil komme frå eit 14 siffera nummer. Vi ber dykk lagre dette nummeret under «kontaktlærar til td Kari og meldingsbok». Føresette med to barn på to ulike trinn lagrar to telefonnummer til sine kontaktlærarar.

På dette nummeret kan du sende melding til kontaktlæraren din på vanleg måte. Ein kan derimot ikkje ringe til dette telefonnummeret.

Føresette og skule skal bruke den digitale meldingsboka (14-sifrede nummer) til:

- Melde frå om sjukefråvær
- Søkje fri til kontaktlærar inntil 1 dag
- Spørsmål i samband med lekser oa heimearbeid
- Annan kommunikasjon vedr eleven sin skulekvardag
- Fellesinformasjon fra skulen (Td. uventa hendingar, endringar ol.)

Meldingar som gjeld praktiske ting på barnetrinnet og som er knytta til symjing, hentesituasjonar, uteklede, SFO, bli med nokon heim ol., skal føresette skrive som meldingar i skulen si leksemappe.

Eresfjord/Vistdal 23.11.17

Hilde Toven
Rektor